Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 28.09.2026
Vår ref: 2026/6305
Dykkar dato:
Dykkar ref: 2026/8044

HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG


Saksbehandlar, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Uttale - dispensasjon - Herøy 76/151 - Leikong - utfylling i sjø

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon frå plankravet innanfor SH6-området (småbåthamn) i kommuneplanen sin arealdel, samt søknad om dispensasjon frå § 1-8 i plan- og bygningslova for utfylling i sjø framfor ei nausttomt. Naboeigedomen har ei stor eksisterande fylling, og omsøkt tiltak vil ligge inn mot denne. Utfyllinga vil vere på om lag 120 m^2.



skisse henta frå søknad

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Forurensing

Det er ein føresetnad at tiltaket blir utført skånsamt for å minimere spreiing av partiklar, og at det berre nyttast massar som er reine og som er eigna til føremålet. Tiltaket må ikkje føre til spreiing av sprengtrådrestar og anna avfall i det marine miljøet. Vi tilrår at tiltaket blir gjort utanom gyte- og oppveksttida til torsken (januar-mai) for å skåne fisken i den mest sårbare tida.

E-postadresse: sfmrpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Postboks 2520, 6404 Molde
Besøksadresse: Julsundvegen 9
Telefon: 71 25 84 00
www.statsforvaltaren.no/mr
Org.nr. 974 764 067

Konklusjon
Ut frå eksisterande tilhøve på staden, har vi ikkje vesentlege innvendingar til tiltaket.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
underdirektør plan og klima

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar
Forureining: Thomas Aurdal, tlf. 71 25 84 67

Kopi til:
Møre og Romsdal fylkeskommune Postboks 2500 6404 Molde